

## Årsmelding for Voss Idrottsråd 2018

Årsmøtet for 2018 vart avvikla 24/5 i Park Hotel med val av nytt styre og funksjonstid.

Styret har konstituert seg sjølv unnateke leiar og nestleiar

Leiar	Olav Farestveit	Voss il.	1 år (2018)
Nestleiar	Anne Karin Dugstad	Il.Ørnar	2 år (2018)
Sekretær	Renate Lunde	Voss il.	1 år (2019)
Kasserar	Frode Rokne	Il.Viljar	1 år (2019)
Styremedlem	Einar Melve	FBK. Voss	2 år (2018)
Styremedlem	Svein Oscar Moseide	Voss Kajakklubb	1 år (2019)

Vara-medlemmer har møtt

Gry Bystøl	Voss MTB klubb	2 år (2020)
Andreas Heimli	Voss Kroppsfykarlag	2 år (2020)

Revisor	Terje Eide	Bjørgum il.	2 år
Revisor	Nils Inge Håland	Voss il.	1 år

### Styret har fordelt nokre arbeidsoppgåver slik:

- Sekretærfunksjonen har vore ivareteken av Renate Lunde.
- Leiar har delteke i møter i Brukarrådet for Voss Idrotts plass.
- Frode Rokne har vore kasserar

Gry Bystøl Nettansvarleg

-Styret har delegert mynde til leiaren for å handsama fortløpande saker som er referert til heile styret via e-post.

### Arbeidet i Styret.

Styret har i løpet av 2018 avhalde 5 styremøter forutan Årsmøtet.

Referata frå alle møta finn ein på heimesida til VIR.

Voss Kommune sin idretts-og friluftskoordinator har vore invitert og delteke på styremøter.

Leiar deltok Dialogmøtet i HIK 22.11.18, Moderniseringsprosessen i norsk idrett

Leiar deltok på HIK sitt ting i Nordheimsund 7/4-2018

Leiar ,Frode Rokne og Einar Melve har vore med i arbeidet med OL og Idrettens Olympiade

### Medlemsmasse i VIR

Det er i løpet av året kome til 1 nytt idrettslag

- Voss Bogeskyttarlag

Det er etter dette i alt 46 lag som samla utgjer Voss Idrottsråd og som alle er tilslutta Norges Idrettsforbund og Hordaland Idrettskrets.

Vi reknar med at det i laga er tilsaman ca. 8370 medlemskap innan Voss kommune noko som tilsvarar ca. 60 % av folkesetnaden medan snittet i Hordaland er ca. 42 %. Men det er nokre store lag som t.d Voss Fallskjermklubb og Voss Golfklubb som har mange medlemmer som ikkje er busette på Voss.

### **Kontingent for medlemskap i VIR**

Dette vart vedteke på årsmøte i 2017 at kvart lag betaler inn kr 5 pr medlem og vidareført i 2018

I 2018 betalte 36 lag og pr mai 2019 31 lag betalt inn

Styret tilrår at denne ordninga held fram

### **Aktuelle saker som har engasjert styret i VIR i 2018**

#### **Sentral-idrettsanlegget.**

Arbeidet med reguleringsplanen for sentral-idrettsanlegget har vore sentral arbeidet til VIR. VIR har sendt sine kommentarar i samband med oppstarting av dette arbeidet. Me har vore to representantar fra VIR i kommunen si referansegruppe. Basert på tre skisser har kommunen utarbeid framlegg til reguleringsplan plan. Denne har vore ute til offentleg ettersyn og VIR har gjeve sine kommentarar til plan. Plan er no iferd med å bli vedtatt.

#### **Idrettens olympiade A/S**

VIR tok i 2017 initiativ til å vurdere om det er mogeleg å arrangere Olympiske og Paralympiske leikar på Voss og Vestlandet. På bakgrunn av dette vart det etablert eit selskap "Idrettens Olympiade AS". Dette selskapet er likt eigd av Voss Idrettsråd og Idrettsrådet i Bergen. Alle midlar som VIR forskotterte er ført tilbake.

Med idrettens Olympiade A/S har idrettsråda på Voss og i Bergen fått ein organisasjon som kan arbeida vidare med desse oppgåvene med eigne midlar.

3 styremedlemmar har jobbe mykje med dette og heile styret har vorte oppdatert på styremøta.

Det viktigaste sakene kring OL-initiativet har vore

- Ethiske grunnlaget for arbeidet vårt
- Samfunnsnyttan av eit OL
- Konkretisering av Arrangement
- Kostnader med arrangementet
- Skaffa oss midlar for å arbeida vidare

Det er langs desse aksane me har konsentrert arbeidet gjennom året.

Me har forankra tankane våre i ulike delar av samfunnslivet, spesielt viktig i idrettens eigne organ. Her har me jobba både med lag, idrettsråd og på krets nivå, inklusivt sær-kretsar

I April deltok me på årsmøte til Hordaland idrettskrets. Gjennom året har samarbeidet med idrettskretsen vorte utvikla og vore svært viktig for å realisering av strategien. Helge Johnsen (Leiar i Hordaland Idrettskrets) gjekk inn i styret

Me har også jobba med kommunale politiske organ og med delar av næringslivet.

Me har knytt oss opp mot Para-idretten og me har våre pådrivarar for ein samarbeid mellom mulege andre søkjarar i Norge

For året 2019 vert det viktig å jobba med å forankra tankane våre enda meir mot idrettens dine organ på alle nivå . Spesielt viktig å jobba mot at Idrettstinget i mai 2019 gjer eit vedtak om at vi kan jobba vidare mot ei realisering av eit OL i 2030.

Arbeidet har i all hovudsak vore finansiert gjennom gaver frå lokale og regionale bankar.

## **Bømoen**

Etter at reguleringsplanen for Bømoen er trekt tilbake, har Voss kommune, og i samband med etablering av det nye heradet, arbeid med ein ny kommunedelplan. Denne nye kommunedelplanen kjem til å verta lagt fram for det nye heradstyret i 2020 etter at han vore lagt ut for offentleg ettersyn.

VIR har hatt møte med administrasjonen som har gått gjennom planprosessen med styret og kva som ligg i det utkastet til kommunedelplan.

VIR har også hatt møte Bømoløypa vorte orientert om situasjonen og gjennom styret har vi også fått god kjennskap til luftsporten sine interesser.

Ei vidare løysing her må basera seg på den nye kommunedelplanen og at Voss Idrettsråd må arbeida gjennom Voss kommune for å finna best mogelege løysingar for idretten i Bømoen

## **Samarbeid med Granvin**

Me har etablert samarbeidet med Granvin Idrettslag, som ikkje har eige idrettsråd, og Eivind Djønne har vorte fast observatør

## **Nye anlegg.**

- Voss Kajakklubb arbeider med planar for auka aktivitet i nedre del av Vosso, kring Tvildemoen / Bryn
- Voss Fotballklubb arbeider med innandørs fotballhall
- Voss Resort har fått lyssett heile løypenettet sitt
- Bakkenemnda i Bavallen arbeider med oppdragering av hoppbakken
- I Voss Ski -og Tursenter arbeider ein med tilrettelegging av nye turløyper i fleire separate sløyfer for trim og turbruk både for lokal busetnad og for hyttefolket i bygda.

## **Vedlikehald av idrettsanlegg.**

Laga og anleggseigarar har ei viktig oppgåve med å halde ved like dei ulike anlegga i kommunen.

Forutan stor eigeninnsats gjev Voss kommune økonomisk stønad til dei største anlegga både for vinter- og sommaranlegg. Me arbeider med å få auka denne støtta

## **Friluftsliv**

VIR deltek i Voss kommune sti og løypeutval

### **Bakgrunn for arbeidet**

Planstrategi for Voss kommune, 2017-2020, legg opp til at det skal utarbeidast ein sti- og løypeplan for Fjellheimen villreinområde.

Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde 2016-2027 har eit tilsvarande tiltak i sitt handlingsprogram.

Granvin herad har ikkje gjort tilsvarande vedtak om å utarbeide ein sti- og løypeplan for sin kommune.

### **Formål med planen**

- Fremje friluftsliv og folkehelse ved å tilrettelegge ski- og turløyper
- Ivarta viltinteresser - m.a. villreinstammene og sårbare område
- Kartlegge og avvege ulike interesseområde.
- Utarbeide kart og retningsliner for bruk av utmarksareala

## **Temakveld**

VIR arbeider med program for ein tema-kveld, der vi ynskjer å belyse ulike sider ved idretten. Me hadde fleire tema og ressursar på gang, men av ulike grunnar måtte dette utsettast til hausten 2019.

## **Om LAM-midler**

Norges Idrettsforbund har også i år gjeve tilskot til alle laga som er registrert i NIF. I 2018 vart laga i Voss kommune tildelt kr. 930 885.- som så vart fordelt på antall medlemmer etter same fordelingsnøkkel som før og der kriteria er aldersgruppene 6-12 år og 13-19 år.

## **Om spelemidler.**

Søknadssum for ordinære anlegg i 2018 gjekk ned til 58 mill, dette fordi mange anlegg fekk tildelt middlar i 2018 . Nærmiljøanlegg får i snitt tildelt 51% av søknadssum, medan ordinære anlegg ligg på 19% tildelt av søknadssum i 2018

Etterslepet på tildeling av midlar er mindre på grunn av at Vossabadet, Voss Vidaregåande skule og Voss Gymnas er no komne på søknadslista med sine nye anlegg.

VIR har påpeika at det årleg må løyvast ca 15 mill kr. til anlegg i Voss dersom alle anlegga skal få sine midlar i løpet av ein 5 års periode. Dei fleste anlegg på Voss søker no for tredje gong.

Kulturdepartementet opererer i sine statistikkar med gjennomsnittleg ventetid på ca 3 år !

## **Edvard B.Hegboms minnefond.**

For 2018 vart det etter framlegg frå laga delt ut heiderspris under høgtidinga av 17.mai på Voss Idrottsplass. Torgils Bryn vart tildelt Heidersprisen

## **Highland-Staupet og Idrettsstipend**

VIR fremja også i år kandidat til Highland-staupet som er ei utmerking for beste prestasjon innan vinteridretten siste sesong.

VIR fremja også kandidat til idrettsstipend

## **Tilskot til utdanning av trenarar.**

Styret har 2018 delt ut tilskot til trenarar og leiarar.

Voss il turn, Voss golfklubb, Fotballklubben Voss og Kajakklubb fekk alle kr 6000 kr



## **Idrettsrådet sin funksjon.**

Idrettsrådet sin funksjon og arbeidsoppgåver er nedfelt i Lova og ein av dei primære funksjonane er å vere talerøyr for alle laga i VIR , bistå med råd og veiledning samt å vere bindelekk mellom lagslivet og kommunen.

Dette har som føresetnad at laga nyttar seg av mogelegheita samt å vise engasjement i høve VIR si rolle i lokalsamfunnet.

Her vonar noverande styre at ytlegare engasjementet for VIR vil auke.

Det å ha styreverv i VIR medfører personleg engasjement og krev at ein er tilstade både i møter og andre samanhengar og bidreg i arbeidsoppgåvene som er tillagt styrefunksjonen.

På basis av årsmøtevedtak er det utbetalt av eit beløp på 35.000.- kr. som godtgjersle for dette engasjementet som skal fordelast i høve arbeidsmengde og innsats.


Styret for 2018 tilrår at dette held fram.



## Rekneskap for Voss Idrottsråd 2018

Bilag	Dato	Tekst	Inntekter	Utgifter
1	02.02.2018	Forsikringspremie Gjensidige		kr 2 128,00
2	20.03.2018	Dform-serviceavgift heimesida til VIR		kr 2 067,50
9	22.05.2018	Reisekostnad HIK ting Olav F		kr 783,50
4	26.06.2018	Blomst gravferd Gunn Berit Lunde Aarvik		kr 890,00
5	26.06.2018	Kundeutbytte Gjensidige	kr 309,00	
6	29.06.2018	Voss Kommunikasjon		kr 289,00
7	12.07.2018	Annonse Hordaland årsmøte VIR		kr 1 551,00
8	12.10.2018	Park Hotell lokalleige/servering		kr 4 275,00
9	21.12.2018	Tilskot MKU/Voss kommune	kr 70 000,00	
10	31.12.2018	Renter	kr 61,17	
<b>Sub-total</b>			kr 70 370,17	kr 11 984,00
<b>Netto over/underskudd</b>			kr 58 386,17	
<b>BALANSE</b>				
	01.01.2018	Bank 01.01.2018	kr 126 878,15	
		Resultat 2018	kr 58 386,17	kr -
	31.12.2018	Bank 31.12.2018	kr 185 264,32	


Kasserer : Frode Rokne



Revisor : Terje Eide



Revisor: Nils Inge Håland






## Rekneskap for Edvard B. Hegbom minnefond 2018

Bilag	Dato	Tekst	Inntekter	Utgifter
1	11.06.2018	Hegbom Diplomer		kr 4 600,00
2	31.12.2018	Renter 2018	kr 4 258,17	
3				
4				
5				
6				
7				
8				
9				
10				
11				
12				
13				
14				
15				
16				
17				
18				
19				
<b>Sub-total</b>			kr 4 258,17	kr 4 600,00
<b>Netto over/underskudd</b>				kr (341,83)
<b>BALANSE</b>				
	01.01.2018	Bank 01.01.2018	kr 100 752,68	
		Resultat 2018		kr (341,83)
	31.12.2018	Bank 31.12.2018	kr 100 410,85	


Kasserer : Frode Rokne



Revisor : Terje Eide



Revisor: Nils Inge Håland





## Rekneskap for Voss Idrottsråd 2018

Bilag	Dato	Tekst	Inntekter	Utgifter
1	23.02.2018	FBK Voss	kr 110,00	
2	26.02.2018	Bolstadøyri Turn	kr 480,00	
3	28.02.2018	Voss Bokseklubb ved Dag G Brekke	kr 210,00	
4	28.02.2018	Voss Handballklubb	kr 535,00	
5	28.02.2018	Melding	kr 1 485,00	
6	28.02.2018	Ørnar	kr 1 490,00	
7	28.02.2018	Vangen Squashklubb	kr 150,00	
8	28.02.2018	Bjørgum	kr 1 090,00	
9	01.03.2018	Voss Idrettslag	kr 4 805,00	
10	01.03.2018	Vos Fallskjermklubb	kr 8 315,00	
11	02.03.2018	Voss Taujiquanklubb	kr 80,00	
12	05.02.2018	Vargar	kr 930,00	
13	05.03.2018	Bulken	kr 1 160,00	
14	05.03.2018	Voss Karateklubb	kr 145,00	
15	07.03.2018	Voss Sykkelklubb	kr 425,00	
16	07.03.2018	Voss Taekwond-Do	kr 705,00	
17	08.03.2018	Voss Hang- og paraglider klubb	kr 2 680,00	
18	08.03.2018	Voss Kajak-klubb	kr 240,00	
19	12.03.2018	Bømoen Flyklubb	kr 85,00	
20	12.03.2018	Voss Modellklubb	kr 155,00	
21	12.03.2018	Mjølfjell Skilag	kr 650,00	
22	14.03.2018	Voss Skiskyttarlag	kr 1 080,00	
23	14.03.2018	Voss Rafting Klubb	kr 60,00	
24	14.03.2018	Vossevangen Cykleklubb	kr 245,00	
25	16.03.2018	Norske Offiserers Pistoklubb	kr 310,00	
26	22.03.2018	Voss Motorsportklubb	kr 840,00	
27	05.04.2018	Reime Idrettslag	kr 425,00	
28	16.04.2018	Stian Arveschoug	kr 130,00	
29	17.04.2018	Eldar	kr 3 930,00	
30	30.04.2018	Voss Roklubb	kr 50,00	
31	02.05.2018	Voss Freestyleklubb	kr 525,00	
32	02.05.2018	Voss Golfklubb	kr 2 260,00	
33	04.05.2018	FBK Voss	kr 2 820,00	
34	07.05.2018	Voss Klatrelag	kr 140,00	
35	07.06.2018	Voss MTB klubb	kr 415,00	
36	31.12.2018	Renter 2018	kr 15,31	
<b>Sub-total</b>			kr 39 170,31	kr -
<b>Netto over/underskudd</b>			<b>kr 39 170,31</b>	
<b>BALANSE</b>				
	01.01.2018	Bank 01.01.2018	kr -	
		Resultat 2018	kr 39 170,31	kr -
	31.12.2018	Bank 31.12.2018	kr 39 170,31	

Kasserer : Frode Rokne

Revisor : Terje Eide

Revisor: Nils Inge Håland



Til årsmøte i Voss Idrottsråd

### REVISORRAPPORT FOR REKNESKAPSÅRET 2018

Me har revidert årsrekneskapet for Voss Idrottsråd og Edvard B. Hegbom minnefond.

Rekneskapen for 2018 viser overskot på kr 58 386,17 for Voss Idrottsråd og underskot på kr -341,83 for Edvard B. Hegbom minnefond. Sidan to større utgiftspostar ikkje er ført på 2018 vil det påvirka Voss Idrottsråd sin rekneskap for 2019.

Rekneskapet er ikkje heilt i samsvar med NIF sine reglar og difor må kontoplan og låsbart rekneark brukast frå og med 2019.

Rekneskapet for 2018 kan godkjennast med dei summene som står der.

Voss, den 11. mai 2019

  
Terje Eide

  
Nils Inge Haaland